

Notat medlem av kontrollutvalet og finansutvalet

Kva er finansutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune?

Finansutvalet er samansett av fylkesutvalet, leiarane i hovedutvala og gruppeleiarane i dei partia som ikkje er representert i fylkesutvalet eller har leiarverv i hovedutvala. Dette for å sikre at alle partigrupperingane på fylkestinget er representert i finansutvalet. Så lenge finansutvalet har eksistert, så er det fylkesutvalet som har vald finansutvalet og samansettinga av dette. På det konstituerande fylkestinget i 2015 vart følgjande formulering vedteke i fylkestinget:

” Finansutvalet og planutvalet skal begge setjast saman slik:

- *Medlemene i fylkesutvalet*
- *Hovudutvalsleiarane med nestleiarane som vararepresentantar*
- *Gruppeleiarane i dei parti som ikkje er representert i fylkesutvalet eller som hovudutvalsleiarar.*

Leiar: Jenny Følling (Sp)

Nestleiar: Åshild Kjelsnes (Ap)”

Finansutvalet vart i si tid oppretta for at alle partigruppene og hovedutvala skulle kunne halde seg orienterte om budsjettprosessen og fylkeskommunen sin økonomiske situasjon, og at partigruppene på eit tidleg tidspunkt skulle få komme med innspel til prosessen. På denne måten meinte ein at medlemmane i fylkestinget hadde betre kunnskap om budsjettet, og at ein fekk synleggjort alternative framlegg tidlegare, slik at alle hadde gode føresetnader til å ta del i budsjetthandsaminga.

Fram til 2014 vart ikkje møta i finansutvalet protokollert på anna måte enn gjennom ei oppsummering frå rådmannen i neste arbeidsdokument til finansutvalet. Men etter at det vart påpeika at alle møter i folkevalde organ skulle føre protokoll, så begynte ein å gjere dette.

Finansutvalet har ingen delegert verken vedtaksmynde eller tilrådingsmynde. Finansutvalet er ikkje eingong nemnd i fylkeskommunen sitt delegeringsreglement. Det er etter kommunelova §44 og §45 Fylkesutvalet som har tilrådingsrett, og plikt, for budsjett- og økonomiplan. Dette er ein tilrådingsrett som ikkje kan delegerast til andre utval. Difor fremmer heller ikkje finansutvalet noko tilråding til budsjett, det vert handsama av fylkesutvalet kvart år slik lova krev.

Finansutvalet har såleis ingen vedtaksmynde, og har heller ingen ansvar knytt til oppfølging eller utarbeiding av budsjett eller økonomiplan. Den reelle påverknaden i finansutvalet ligg i at partigruppene har høve til å få tilkjennegjort sitt politiske syn på eit tidleg tidspunkt i budsjettprosessen, og såleis at partiet sine framlegg får ei seriøs vurdering og konsekvensutgreiing.

Arbeidet i finansutvalet går føre seg på den måten at Fylkesrådmannen legg fram eit nummerert arbeidsdokument til kvart møte. I dette dokumentet informerer rådmannen om faktorar som påverkar rammene for neste års budsjett, både endra føresetnader, vedtak i enkeltsaker som har påverknad, utviklinga i finans mv. Politikarane i utvalet har høve til å stille spørsmål, og har og høve til å fremje framlegg om endra rammer. Eit

vedtak i finansutvalet er likevel ikkje bindande verken for rådmannen sitt endelege budsjettframlegg eller for fylkesutvalet si tilråding til fylkestinget.

Kontrollutvalet si rolle ovanfor finansutvalet

Som utgangspunkt har ikkje kontrollutvalet noko form for kontrollhandlingar ovanfor finansutvalet. Ein kan sjølvstake komme opp i saker der ein påpeiker saker om opneheit, journalføring og liknande formelle ting, men finansutvalet har ingen formell rolle eller mynde i fylkeskommunen som skulle tilseie at ein skulle føre kontroll med aktiviteten. Eventuelle kontrollhandlingar mot budsjettprosessen ville vore ovanfor fylkesutvalet, for å sjå til at dei har følgd opp sitt lovpålagde ansvar og delegerte mynde til å leggje fram eit budsjett for fylkestinget i balanse, eller ovanfor rådmannen, om han har følgd opp sine delegerte mynde og syt føre at saka har vore tilstrekkelig opplyst for fylkesutvalet. Det finst i utgangspunktet ingen grunn for kontrollutvalet til å kontrollere aktiviteten i finansutvalet då dei ikkje har noko formelt ansvar og heller ikkje har noko delegert mynde frå fylkestinget som skal følgast opp.

Vurdering av notatet frå fylkesrådmannen

At politikarane ber om ei juridisk vurdering av om det er noko i vege for at eit medlem i kontrollutvalet og sitt i finansutvalet, er for så vidt greit. Problemet med notatet til fylkesrådmannen er at han i notatet går langt utover dei juridiske vurderingane, og gjer ei skjønsmessig vurdering der han meiner at uavhengigheten til kontrollutvalet kan svekkast av at leiaren sitter i finansutvalet. Det at han stiler denne problemstillinga i eit notat til fylkesutvalet synleggjer og ei mangel på rolleforståing, då verken fylkesutvalet eller fylkesrådmannen er gitt noko kompetanse til å vurdere kontrollutvalet sin uavhengighet. Notatet burde sjølvstake vore sendt til anten kontrollutvalet eller til fylkestinget, då det er dei einaste instansane i fylkeskommunen som skal gjere slike vurderingar.

Rådmannen legg og til grunn nokre openbare feil i notatet. Han samanliknar blant anna finansutvalet med såkalla §10-komitear, og peiker på at all den tid lovgjevar har sagt at ein medlem i kontrollutvalet ikkje kan sitte i ein slik komité, som etter lova berre har tilrådingsmynde, og ikkje endeleg vedtaksmynde, så bør ein heller ikkje sitte i finansutvalet. Den store forskjellen er at ein §10-komité har ein delegert mynde frå fylkestinget/kommunestyret til å førebu saker og komme med tilrådingar. Det er kontrollutvalet si oppgåve å kontrollere at komitéen faktisk oppfyller det ansvaret dei har fått, og held seg innanfor det myndet dei er gitt. Finansutvalet har ikkje nokon slik tilrådingsrett, og har heller ikkje noko ansvar fylkestinget har bedt dei om å følgje opp.

Rådmannen peikar på at finansutvalet har reell påverknad på budsjettet, og at dette talar for at leiaren i kontrollutvalet ikkje bør sitte der. Den reelle påverknaden er ikkje større enn at ein har høve til å leggje fram eit partisyn i finansutvalet. Eit vedtak eller tilråding frå finansutvalet er på ingen måte bindande, og fråtek på ingen måte, fylkesrådmannen og fylkesutvalet for sitt ansvar til å utarbeide og tilrå eit budsjett for Fylkestinget.

Det finst såleis ingen ting som skulle tilseie at det kan stillast spørsmål ved kontrollutvalet sin uavhengighet på bakgrunn av om leiaren eller andre medlemmar i KU sit i finansutvalet.